



MØTEBOK

Fjellstyra på Hardangervidda as

Tidspunkt: Fredag 1 april 2016 kl 1300

Stad: Eidfjord Hotel Vøringfoss, Eidfjord

Møtedeltakarar: Vebjørn Håvardrud (ØNF), Torleif Fresvik (Røldal FS), Steinar Langesæter (Ullensv. FS), Knut Sygnestveit (Ulvik FS), Lars Kristian Eidnes (Eidfjord FS), Tor Aage Dale (Rauland FS), Eivind Tokheim (Odda FS), Sveinung Olsnes (sekretær) og Georg Gjøstein (dagleg leiar)

Forfall: Hardangervidda Grunneigarsamskipnad

Andre tilstades på møtet: Knut Heiberg, Harald N. Andersen, Ragnar Ystanes, Jan Borgnes, Trine Hilstad

Saker til styremøtet

Sak 01/16: Referat og meldingar

Sak 02/16: Rekneskapen for 2015

Sak 03/16: Årsmelding for 2015

Sak 04/16: Budsjett for 2015

Sak 05/16: Orientering om økonomi

Sak 06/16: Brannvernarbeidet for fjellstyra

Sak 07/16: Regionsaker

Sak 08/16: Nytt frå NFS

Sak 09/16: Eventuelt

Vebjørn Håvardrud/s/

Tor Aage Dale/s/

Lars Kristian Eidnes/s/

Torleif Fresvik/s/

Steinar Langesæter/s/

Knut Sygnestveit/s/

Eivind Tokheim/s/

Georg Gjøstein/s/

Dagleg Leiar

Sveinung Olsnes/s/

Sekretær

Sak 01/16: Referat og meldingar

2015.09.23.1.1.Villreinnemda Vedtaksbrev søknad om utvidet jakt
2015.09.24.1.1.Mildir Direktoratets syn på utvida jakt
2015.10.09.1.1.Villreinutvalet Utkast 2015.06.14 Oppsummering fra møte på Haukeliseter 11 SEL
2015.10.12.1.1.NFS kommentar til statsbudsjettet Til orientering
2015.11.03.1.14.Østlandsforskning Utmarksnæringer rapport -begrep og bruk HV
2015.11.18.1.1.Veterinærinstituttet Fotråde Hardangervidda
2015.11.27.1.3.innkalling styremøte FH 271115
2015.12.07.1.2.DSB avklaring brannverlovgeving vernereglar
2015.11.23.1.1. Landbruksdepartementet Mandat statsallmenningslovverket
2015.11.23.1.1.Landbruksdepartementet Invitasjon til å delta i lovutvalg
2016.02.01.1.1. NFS Til regionsammenslutninger og fjellstyrer
2016.02.29.1.1.NFS Målstrategi for NFS sitt arbeid med lovutvalet for fjellova
2016.02.26.1.1.Villreinutvalet Innspill jakttid villrein
2016.02.24.1.1.Villreinutvalet Høring kvote 2016
2016.02.23.1.1.Villreinutvalet Årsmøteinnk 2016
2016.02.23.1.1.Villreinutvalet Invitasjon Vår møte 2016
2016.03.08.1.1.Villreinutvalet kopi av NyeVedtekter200401
2016.03.04.1.1.Veterinærinstituttet Rapport brems HV prøver dyr
2016.03.06.1.1.Veterinærinstituttet kopi av Søknad MD_våruttak av 12 kalver_04-03-2016
2016.03.01.1.1.NFS kopi av rapport forenkling_-av_utmarksforvaltningen

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Ingen merknader til innkalling og referat. Kort orientering ved sekretær.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 02/16: Rekneskapen for 2015

Saksdokument:

Framlegg til rekneskap med spesifikasjonar for 2015.

Saksutgreiing:

Styret skal vedta rekneskapet før revisor kan byrje sitt arbeid.

Rekneskapet framkjem med driftsinntekter på kr 3.585.623,- eks. mva og driftskostnader på kr 3.481.338,- eks. mva. Netto finansresultat er kr 15.190,-

Dette gjev eit årsresultat på kr 119.476,-

Framlegg til vedtak:

Styret vedtek føreliggande rekneskap.

Referat:

Gjennomgang ved dagleg leiar.

Det vart spørsmål omkring forsikringssummen. Den var på vel 66 000 i 2014 og null i 2015.

Dette kjem av at forsikringskostnaden for 2015 er ført på 2014. Dvs at om lag halve summen skulle ha vore ført på 2015.

Vedtak:

Styret vedtek føreliggjande rekneskap.

Sak 03/16: Årsmelding for 2015

Saksdokument:

Framlegg til årsmelding 2015.

Saksutgreiing:

Styret skal vedta årsmeldinga før revisor kan byrje sitt arbeid. Årsmeldinga inneheld opplysningar i tråd med offentlege retningslinjer.

Framlegg til vedtak:

Styret vedtek føreliggande årsmelding.

Referat:

Gjennomgang ved dagleg leiar.

Vedtak:

Styret vedtek føreliggjande årsmelding.

Sak 04/15: Budsjett for 2016

Saksdokument:

Framlegg til budsjett for 2016.

Sakssutgreiing:

Totalbudsjett

Budsjettet er sett opp med eit årsresultat på kr 0,-. Tjenestekjøp frå Sno er auka med kr 90.000,- NINA har kome inn med ein post på kr 10.000 ,- i samband med fjellrevoppdrag. Tjenestosal til NMBU er teke ut ettersom prosjektet der fjelloppsynet har arbeidd, er avslutta.

Budsjettpostar som omhandlar tjenstekjøp frå fjellstyra

Kostnaden for politisk arbeid er budsjettert svært likt fjoråret med ein auke i lønnskostnaden til sekretær tilsvarende prisvekst. (3 %) Kostnaden er fordelt fjellstyra etter areal som før.

Kostnader for refusjonsberettiga arbeid for Eidfjord, Odda og Røldal er budsjettert med minimumsbeløpet som tilsvarende 1997 nivået korrigert for kostnadsauken og auken til villreinjakttoppsynet som vart vedteken i 2014. Dei andre fjellstyra er budsjettert med høgare tjenstekjøp. Der det føreligg budsjettvedtak hos fjellstyra er desse tala nytta. Elles er erfaringstal sett inn. Det same gjeld ikkje- refusjonberettiga arbeid.

Av tjenstekjøpet er 10 dagsverk øymerka informasjonsarbeid på Tinnhølen /Haukeliseter/ andre arrangemenmt.

Kr 77.250,- er øymerka villeinjakttoppsyn (refusjonsmiddel kjem i tillegg). Beløpet er auka 3% frå 75.000,- i 2015.

Framlegg til vedtak

Føreliggjande budsjett blir vedteke. Av tjenstekjøpa frå fjellstyra, er det øymerka kr 77.250 ,- til villreinjakttoppsyn samt kostnaden for 10 dagsverk til informasjonstjeneste.

Referat:

Gjennomgang ved dagleg leiar.

Vedtak:

Føreliggjande budsjett blir vedteke. Av tjenstekjøpa frå fjellstyra, er det øymerka kr 77.250 ,- til villreinjakttoppsyn samt kostnaden for 10 dagsverk til informasjonstjeneste.

Sak 05/16: Orientering om økonomi

Saksdokument:

Sakssutgreiing:

I fyrste del av 2016 er talet utførte timeverk godt i tråd med planen. Det har ikkje kome til uforutsette kostnader. Det blir ei orientering om drifta elles.

Framlegg til vedtak:

Orienteringa blir teke til vitande.

Referat:

Orientering ved dagleg leiar.

Vedtak:

Orienteringa blir teke til vitande.

Sak 06/16: Brannvernarbeidet for fjellstyra**Saksdokument:**

Ingen, saka vert presentert ytterlegare på møtet

Saksutgreiing:

ØNF har hatt branntilsyn på sine hytter og det er påpeika avvik i høve brannverndokumentasjon på hyttene. Det er og påpeika at det ikkje er utført ROS analyse innanfor brannvern.

Det er grunn til å tru at fleire vil få same type pålegg ved eit eventuelt tilsyn. Det er derfor sett i gang eit felles arbeid med å få retta opp påpeika manglar frå brannsjefen i Nore og Uvdal. Det er utarbeidd eit forslag til ROS analyse og ein mal for brannverndokumentasjon. Dette skal kunne nyttast av alle fjellstyra. Dei tilsette hadde eit kort møte der dette vart diskutert. Det kom ikkje fram vesentlege endringsforslag ut over forslaget som ligg føre. Det er planlagt at arbeidet skal ferdigstillast våren 2016 og at fjellstyra skal få dette til handsaming med tanke på å innføre denne brannverndokumentasjonen for alle fjellstyra på Hardangervidda. Administrasjonen legg fram arbeidet på møtet og ynskjer dialog omkring vidare arbeid med dette.

Framlegg til vedtak:

Styret ser positivt på framlagde forslag til brannverndokumentasjon og ROS analyse for fjellstyra på Hardangervidda. Styret oppmodar fjellstyra til å implementere dette i sitt brannvernarbeid i tråd med forslag utarbeidd av administrasjonen.

Referat:

Orientering ved sekretær og dagleg leiar.

Vedtak:

Styret ser positivt på framlagde forslag til brannverndokumentasjon og ROS analyse for fjellstyra på Hardangervidda. Styret oppmodar fjellstyra til å implementere dette i sitt brannvernarbeid i tråd med forslag utarbeidd av administrasjonen.

Sak 07/16: Regionsaker

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Valkomite NFS:

Regionane skal innstille ein kandidat til valkomite til styret i NFS. Marit Jortveit, Rauland Fjellstyre har hatt dette vervet førre periode og er open for attval.

Arbeidsprogram NFS 2016/2017:

Innspel til arbeidsprogram for NFS dei neste to åra. Ein set av tid til diskusjon omkring fylgjande punkt NFS ynskjer tilbakemelding på:

1. Kva har NFS vore dårlege på dei seiste åra?
2. Kva har NFS vore gode på dei seiste åra?
3. Kva bør NFS prioritere høgast i 2016 og 2017?

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Kort orientering ved styreleiar.

Forslag om Marit Jortveit som kandidat til valkomite.

Innspel til arbeidsprogram vert gjort under sak 08/16.

Vedtak:

Marit Jortveit vert innstilt som kandidat til valkomite for styret i NFS komande periode.

Sak 08/16: Nytt frå NFS

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Nytt frå NFS ved styreleiar Arnodd Lillemark og dagleg leiar Jan Borgnes

Framlegg til vedtak:

Referat:

Orientering ved Jan Borgnes

- Motorferdsle på SA
- Kommunesamanslåing

- Forenkling av utmarksforvaltninga
- Lovutval for ny fjellov
- Ny medarbeidar i NFS
- Tid til innspel til nytt arbeidsprogram NFS
- Mm

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 09/16: Eventuelt

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Det kom ikkje opp saker til handsaming under eventuelt.

Vedtak: